

Rune Magnar Sylta  
Lønborglien 178  
5039 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2386 - 21/51282

Saksbehandlar:  
Are Frøysland Grande  
are.froysland.grande@alver.kommune.no

Dato:  
23.07.2021

## Tilbakemelding på svar på tilleggskrav

Syner til dykkar brev med tilleggsinformasjon datert 10.07.2021 som svar på kommunens brev av 05.07.2021.

Kommunen har tatt ein ny gjennomgang av søknaden og gjev med dette ei ny attendemelding på kva som manglar i søknaden for at kommunen kan ta den til handsaming. Vi legg til grunn at tiltaket omfattar gbnr 443/41 og ikkje gbnr 443/38.

### Søknadsplikt

I tilleggsinformasjonen kjem det fram at lengda på levegg er totalt 20 meter. Det er tidlegare avklart at levegg har ei høgde på om lag 1.9 m.

Som det går fram av vedlegget «Gjerde og levegg» er tiltaket utanfor rammene av tiltak som er friteke søknadsplikta. Kommunen kan handsame søknaden om dispensasjon, men det er då naudsynt med ein søknad om tiltak jf. plan- og bygningslova § 20-1. Kommunen si anbefaling er at dette vert søkt om samstundes.

Vi gjere også merksam på at dei generelle avstandskrava i plan- og bygningslova § 29-4 (4 meter avstand) gjere seg gjeldande mot privat veg.

### Nabovarsel/samtykke

I kommunens mellombelse svar av 05.07.2021 vert det under punkt 1 opplyst om at tiltaket må nabovarslas. I dykkar brev av 10.07.2021 ynskjer dykk at søknaden skal handsamast utan at tiltaket blir nabovarsla.

Basert på innsendt situasjonskart er det noko uklårt om tiltaket er plassert i grensa eller over grensa til gbnr 443/20. Om tiltaket blir plassert over grensa til gbnr 443/20 kan det med fordel ligga føre samtykke frå nabo.

Kommunens vurdering basert på innsendt materiale er at søknaden om dispensasjon og søknad om tiltak må nabovarslas i tråd med gjeldande regelverk.

## **Situasjonskart**

I kommunens mellombelse svar av 05.07.2021 vert det under punkt 2 vist til at situasjonskartet må vera målsett. I dykkar brev av 10.07.2021 opplyse dykk at avstand til nærmeste nabohus er ca. 20 meter og avstand til andre eksisterande bygningar på eigedommen er om lag 3 meter samt at avstand til sjø er ca. 15 meter.

Kartet kan med fordel innehalde desse opplysningane samt avstand til nabogrense. Sjå vedlegg for meir informasjon om krava knytt til situasjonskart. Situasjonskart som dykk kan nytta fylgjer som vedlegg.

Dykk syner også til at tiltaket er tiltenkt oppført i grensa i tråd med «*Utdrag frå Rettsbok for Ytre Nordhordaland Jordskifferett*» datert 17.12.1981. Kommunen gjere for ordensskuld merksam på at kommunen ikkje skal ta stilling til privatrettslege forhold jf. plan- og bygningslova § 21-6.

## **Dispensasjon**

Vi gjere for ordensskuld merksam på at det også må søkjast om dispensasjon frå LNF-føremålet i gjeldande kommunedelplan. For meir informasjon om kva plan som gjeld dykkar eigedom sjå her: <https://www.nordhordlandskart.no/pr>.

## **Generelt**

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **16.09.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

## **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

## **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama. For meir informasjon om gebyr sjå her: <https://www.alver.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/gebyr/>

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Vedlegg:**

**Vedlegg:**

Gjerde og levegg

Situasjonsplan

Nabovarsel innhald og varslingsmåtar

Vi treng fleire opplysningar gbnr 443/38 Toska

Situasjonskart\_gnr\_443 bnr\_41

**Kopi til:**

Einar Aase

Rune Magnar Sylta

Lønborglien 178

5039

BERGEN

**Mottakarar:**

Rune Magnar Sylta

Lønborglien 178

5039

BERGEN